

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	12.06.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/63257-9
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

**Ber om tilbakemelding om avkøyrsløse - gnr. 488 bnr. 64 - fv. 5480 - Sæbøvegen  
- Alver kommune**

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 25.04.2023.

**Saka gjeld**

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg 5480 Sæbøvegen i forbindelse med å oppføre ein ny einebustad på eigedomen. Alver kommune har bede Vestland fylkeskommune om å behandle søknad om dispensasjon frå byggegrense etter veglova for einebustaden.

Eigedomen er sikra tilkomst via regulert avkøyrsløse i reguleringsplan Sæbøtunet med planID 1260-2017000100.

Kommunen har i vedtak datert 24.04.23 gjeve dispensasjon frå plankrav i KDP pkt. 2.1. og sett følgjande vilkår;

- Før det kan gjevast løyve til tiltak etter plan- og bygningslova må det ligge føre dispensasjon frå veglova § 29 i høve avstandskrav til vegmidte fylkesveg.
- Det kan ikkje gjevast bruksløyve til tiltak på eigedom gbnr 488/64 før rekkefølgekrav gjeve i reguleringsplan Sæbøtunet § 2 er oppfylt.

Vi har ikkje mottatt dokumentasjon på at avkøyrsla som er regulert i reguleringsplan Sæbøtunet med planID 1260-2017000100 er godkjent eller at siktsona er opparbeidd i samsvar med uttale frå oss datert 29.06.2022.

Vi vil ikkje behandle søknaden om dispensasjon for byggegrense til fylkesveg før den regulererte avkøyrsla er endeleg godkjent.

Når avkøyrsla er bygga i samsvar med reguleringsplan og siktforholda er oppfylt, så skal Vestland fylkeskommune ut og kontrollere og Alver kommune skal godkjenne den etter plan- og bygningslova. Vi ber difor om å få ei tilbakemelding frå kommunen når avkøyrsla er opparbeidd slik at vi kan ut og kontrollere den på ny.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV – Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV – Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

VILLANGER & SØNNER AS

KNARVIK

5914

ISDALSTØ